| Deltakarar SN | Harald, Ole Bjørn, Emte |
|---|---|
| Eksterne deltakarar | Etter behov, leder av ungdomsrådet? |
| Mål | Finne kreative måter å utnytte naturen i Sykkylven gjennom å kople natur og skaparglede |
| Arbeidsoppgåver | •Gjennomføre ein kreativ prosess og leggje ein vidare plan for tiltak<br>•Gjennomføre tiltaka knytt til naturopplevingane |

# Prosjekt 7:
# Skaperglede og reiseliv

Sykkylven Næringsutvikling AS

# Reiseliv og skaparglede

| Deltakarar SN | Harald, Ole Bjørn, Lars Einar |
| --- | --- |
| Eksterne deltakarar | Møbelprodusentane, potensielle etablerarar innan reiseliv, regionale reiselivsaktører, destinasjonsselskap |
| Mål | Etablere ei berekraftig reiselivssatsing i Sykkylven basert på unike opplevingar knytt til design, produkt og skaparglede – historia bak dei verdskjende produkta |
| Arbeidsoppgåver | •Kartlegge moglegheitene for og utvikle konsept for "Furniture Guiding"<br>•Moglegheit for å "eksportere" konseptet til andre stader?<br>•Finne etablerarar som kan drifte denne typen reiselivsverksemd<br>•Hente inspirasjon frå liknande produktrelatert reiselivssatsing i inn- og utland |

# Prosjekt 8:
# Skaparglede i sentrums- og bygdeutviklinga

Sykkylven Næringsutvikling AS

# Sentrums- og bygdeutvikling

| Deltakere SN | Harald, Emte, Arne, Grethe |
|---|---|
| Eksterne deltakere | Handelsforeninga, investorar, kommuneleiinga, enkeltaktørar, og verksemder i Sykkylven |
| Arbeidsoppgåver: | |
| | •Synleg, heilskapeleg konsept knytt til møbel: utsal, møbellaboratorium, møbelfagleg senter m.m.<br>•Aktivitets- og opplevingsplan for Sykkylven sentrum og bygdene saman med aktørane der<br>•Bidra til fysisk utvikling og utsmykking knytt til skaparglede |

# Prosjekt 9:
# Infrastruktur for skaparglede

Sykkylven Næringsutvikling AS

# Infrastruktur

| Deltakere SN | Harald, Karl Inge, Lars Einar |
|---|---|
| Eksterne deltakere | Storfjordsambandet, fiberutbyggarar m.fl. |
| Mål | Bidra til kontinuerleg forbetring av infrastruktur |
| Arbeidsoppgåver: | |
| | •Bidra som rådgjevar/støttespelar for Storfjordsambandet AS<br>•Bidra til utbygging av fiber i Sykkylven (viktig for morgondagens skaparglede)<br>•Bidra i andre samferdselsspørsmål |

# Prosjekt 10: Open post

Sykkylven Næringsutvikling AS

# Nye prosjekter

- SN skal alltid møte nye prosjekt med ei open og positiv haldning
- Vere tydeleg på kva og når vi kan engasjere oss
- Initiativtakarar bak nye prosjekt må få info om strategien og handlingsplana til SN – dei må sjølv bli utfordra på å synleggjere korleis prosjekta deira vil bidra til å styrke ønska posisjon, og korleis prosjekta bør organiserast

# Sykkylven – SKAPARGLEDE!

Sykkylven kan med truverd ta ein posisjon knytt til skaparglede. Samstundes vil dette vere ei rettesnor for kva vi ønskjer å vere i framtida.

Næringslivet i Sykkylven har svært sterke fagmiljø knytt til å designe og utvikle – skape – gode løysingar. Møbelrelatert industri i Sykkylven har skapt løysingar som folk verda over i generasjonar har valt å fylle heimane sine med. Vi har i tillegg verksemder som skapar løysingar for eit effektivt kraftnett, gode vifteløysingar, løysingar for krevjande byggjeprosjekt, plastkonstruksjonar, tilpassa emballasje med meir.

Haldning
Til grunn for ønskje om å skape gode løysingar ligg det ei haldning til andre menneske. Ei haldning om at menneske har ulike ønskjer og behov som vi skal tilpasse oss. Ei haldning om at produkt skal vere estetisk attraktive, moderne og samstundes holde høg kvalitet.

Identitet
Denne haldninga gjennomsyrer mykje av det folk i Sykkylven driv med til dagleg. Anten vi utviklar nye produkt i verksemdene, utviklar nye produksjonsløysingar, etablerarar nye verksemder, tilpasser tilbodet til nye innbyggjarar eller utviklar nye kommunale tenestetilbod er skaparglede ein viktig dimensjon. Det er ei haldning som ligg godt forankra i lokalsamfunnet vårt, men samstundes ei viktig ledestjerne for morgondagens suksess både for kommunen og verksemdene her. Skaparglede er ein viktig del av identiteten i Sykkylven. 85 % av innbyggarane her forbind Sykkylven i stor eller svært stor grad med Skaparglede (Kjelde: Identitetskartlegging i regi av Sykkylven Næringsutvikling, februar 2011)

Unik posisjon
Derfor kan Sykkylven ta ein unik og truverdig posisjon som kommunen med SKAPARGLEDE. I Noreg er det ikkje mange lokalsamfunn att med ei så sterk klynge retta mot forbrukarmarknaden. Mange stader er ein god på å skape løysingar i ein bedriftsmarknad, men Sykkylven skil seg ut som eit sterkt miljø innan både bedriftsmarknaden og forbrukarmarknaden.

Omdøme
Mange forbind Sykkylven med skaparglede. 75 % av sunnmøringane utanfor Sykkylven forbind Sykkylven i stor eller svært stor grad med skaparglede (Kjelde: Omdømekartlegging i regi av Sykkylven Næringsutvikling, februar 2011). Dette gir eit godt grunnlag for å ta ein tydeleg posisjon knytt til skaparglede.

Sykkylven har eit sterkt næringsliv, og det er viktig at lokalsamfunnet har ein visjon og eit omdøme som styrker verksemdene si framtid. Det vil ein posisjon knytt til skaparglede bidra til.

Meir enn næringsliv
Samstundes handlar ikkje skaparglede berre om industri og næringsliv. Skaparglede seier også noko om kva skulene, kulturlivet, dei handelsdrivande og dei kommunale tenestene står for og kan strekke seg etter. Sykkylven kan skille seg positivt ut ved at skapargleden får ein sentral plass i barneskulen, ungdomsskulen, vidaregåande skule, kulturlivet, handelsstanden og dei kommunale tenestene, til dømes innan eldreomsorg. Vi kan også knytte skaparglede til naturen vår og reiselivet.

Sykkylven Næringsutvikling vil bidra aktivt
Dei neste åra ønskjer Sykkylven Næringsutvikling å gjennomføre fleire prosjekt som kan bidra til at Sykkylven styrker sin posisjon innan skaparglede:

- Vi ønskjer å knyte band mellom næring og kulturliv – då spesielt retta mot born og unge. Korleis kan skapargleden i næringslivet og kulturlivet styrke kvarandre?
- Det same ønskjer vi å gjøre mellom næringsliv og skule. Og vi vil gjerne bidra til å styrke produktdesignlinja ved den vidaregåande skulen.
- Vi vil sjå om det er mogleg å "produktutvikle" naturen i Sykkylven slik at den blir knytt til skaparglede.
- Vi skal sjå på moglegheita for å etablere reiselivsaktivitet i Sykkylven der vi viser fram skapargleden i verksemdene – historisk og i dag.
- Saman med handelsstanden og bygdelaga vil vi forsøke å "skape glede" i Aure sentrum og bygdene gjennom nye aktivitetar og opplevingar. Og vi vil bidra til skaparglede gjennom fysisk utvikling.
- Skapargleden vil gjennomsyre vår etablerarveileding og tiltaka knytt til vidareutvikling av eksisterande verksemd.
- Og til sist vil vi syte for eit strukturert omdømearbeid over tid, slik at dei gode historiene om skapargleden i Sykkylven når fram til dei rette målgruppene.

## Kvifor posisjonere Sykkylven?

Sykkylven er kjend for mange, og anten vi vil eller ikkje så har dei eit inntrykk av kva Sykkylven står for – når dei tenker på Sykkylven, vil dei få eit bilete på netthinna. Det er dette som er Sykkylven sitt omdøme, og det er dette som er Sykkylven sin posisjon.

Kva posisjon eit lokalsamfunn har, vil påverke lokalsamfunnet sine moglegheiter i framtida. Vil folk flytte hit? Vil folk investere her? Vil beslutningstakarane lytte til oss? Då er det viktig å vere riktig posisjonert.

Basert på omdømekartlegginga i regi av Sykkylven Næringsutvikling (februar 2011, blant sunnmøringar utanfor Sykkylven) kan vi seie følgjande om kva for posisjon Sykkylven har i dag:

- Det første folk tenker på når dei tenker på Sykkylven: Møbel og Ekornes
- 76 % har eit positivt inntrykk av Sykkylven
- 36 % meiner det er mange interessante jobbmoglegheiter i Sykkylven. Mange forbind jobbmoglegheitene med "fabrikk"
- 84 % forbind Sykkylven med attraktiv natur
- 67 % forbind Sykkylven med design
- 46 % forbind Sykkylven med teknologi
- 75 % forbind Sykkylven med skaparglede
- 86 % forbind Sykkylven med industri
- 97 % forbind Sykkylven med møbel
- 64 % forbind Sykkylven med trivsel
- 34 % forbind Sykkylven med handel

- 56 % forbind Sykkylven med nytenking
- 21 % forbind Sykkylven med "mykje som skjer"
- 63 % forbind Sykkylven med kompetanse
- 49 % forbind Sykkylven med "ein attraktiv stad å bu"

I arbeidet med samfunnsdelen må vi ta stilling til kva for posisjon vi ønskjer/bør ha for å styrke lokalsamfunnet i framtida, og vi må syte for å gjennomføre konkrete tiltak som gjer at vi tar ein tydeleg posisjon.

Viss vi gjennomfører tiltak som gjer at vi tar ein posisjon knytt til skaparglede, kan vi mellom anna oppnå følgjande:

- Næringslivet tiltrekk seg kompetanse med skaparglede som kan vidareutvikle verksemdene
- Folk frå Sykkylven kan vere stolte av det lokalsamfunnet her skapar
- Born og unge vil få med seg gode minner om skapargleden i Sykkylven. Desse minnene tek dei med seg viss dei drar ut, og kan styrke heimlengsla slik at dei kjem attende.
- Vi får eit endå meir yrande kulturliv og eit endå betre innhald i skulen.
- Vi får ei styrka handelsstand, som kombinert med eit yrande kulturliv, gjer det mogleg å synleggjere at det er "mykje som skjer" i Sykkylven
- Bruken av naturen vår skil seg kreativt ut
- Vi kan utvikle unike reiselivstilbod
- Dei kommunale tenestene i Sykkylven skil seg ut frå tilbodet alle andre stader

I sum vil posisjonen gjere oss til eit synleg, tydeleg og attraktivt lokalsamfunn, godt rusta til å nå dei overordna måla i Samfunnsdelen.

## Samfunnsdelen

I samfunnsdelen skal det vedtakast ein visjon for Sykkylven. Ønska posisjon bør bli gjenspegla i visjonen. Innspel om korleis dette kan gjerast:

- Ønska posisjon: Sykkylven – SKAPARGLEDE!
- Visjon: Her må kommunestyret avgjere mellom anna ambisjonsnivået. Verdas beste? Landets beste? Regionens beste? Ei av dei ledande?
- Spissformulert posisjon/slagord: Viss kommunestyret vedtek ein posisjon og ein visjon knytt til skaparglede, kan innbyggarane oppmodast gjennom ein konkurranse om å kome med forslag til slagord knytt til skaparglede.

## Korleis sikre at posisjonen blir teken?

Ei rekke aktørar kan bidra i arbeidet med å ta ein tydeleg posisjon: Sykkylven kommune, bygdelaga, Sykkylven Industri- og næringslag, Handelsforeninga, berre for å nemne nokre. Dette fordrar sjølvsagt at dei ulike aktørane ønskjer å stille seg bak ein slik posisjon.

Sykkylven Næringsutvikling har lagt ein strategi og ein handlingsplan for korleis ein vil jobbe med å styrke næringslivet og lokalsamfunnet som næringslivet er avhengig av. Vi ønskjer å bidra svært aktivt til at Sykkylven kan ta ein posisjon knytt til skaparglede, jamfør prosjektliste over.

# Resultat identitets- og omdømekartlegging

Februar 2011

# Om kartleggingane

- Spørsmål utarbeidd av Sykkylven Næringsutvikling/TIBE PR
- Gjennomført av Norstat februar 2011
- Identitetskartlegging: 200 respondentar busatt i Sykkylven
- Omdømekartlegging: 300 respondentar busatt i kommunar på Sunnmøre (eksklusiv Sykkylven)

# Identitets- og omdømmekartlegging

| Identitet | Omdømme |
|---|---|
| Uhjulpent inntrykk: Natur og tilhørighet | Uhjulpent inntrykk: Møbel og Ekornes |
| Stolt: 78 % (skår 4 eller 5)<br>Begrunnelser dårlige skår:<br>•Kommer ikke herfra opprinnelig<br>Begrunnelser gode skår:<br>•Industri, arbeidsplasser, næringsliv, natur, driftighet | Positivt inntrykk: 76 % (skår 4 eller 5)<br>Begrunnelser dårlige skår:<br>•Ukjent med kvalitetene<br>Begrunnelser gode skår:<br>•Næringsliv, flinke folk, fint/natur/ski |
| Interessante jobbmuligheter: 55 %<br>Begrunnelser dårlige skår:<br>•Ensartet, industri er ikke interessant,<br>Begrunnelser gode skår:<br>•Variert industri | Interessante jobbmuligheter: 36 %<br>Begrunnelser dårlige skår:<br>•Ukjent, ensformig, møbel ikke interessant, fabrikkjobber<br>Begrunnelser gode skår:<br>•Mye industri=mye jobber, variert industri, store bedrifter, full sysselsetting |

| Identitet: I hvilken grad forbinder du Sykkylven med (% skår 4 eller 5): | Omdømme: I hvilken grad forbinder du Sykkylven med (% skår 4 eller 5): |
|---|---|
| Attraktiv natur: 98 % | Attraktiv natur: 84 % |
| Design: 72 % | Design: 67 % |
| Teknologi: 60 % | Teknologi: 46 % |
| Skaperglede: 85 % | Skaperglede: 75 % |
| Industri: 98 % | Industri: 89 % |
| Møbel: 96 % | Møbel: 97 % |
| Trivsel: 80 % | Trivsel: 64 % |
| Handel: 30 % | Handel: 34 % |
| Nytenking: 54 % | Nytenking: 56 % |
| Mye som skjer: 31 % | Mye som skjer: 21 % |
| Kompetanse: 68 % | Kompetanse: 63 % |
| Attraktivt sted å bo: 84 % | Attraktivt sted å bo: 49 % |
| Mange møteplasser hvor du kommer lett i kontakt med folk: 18 % | |

# Forbedringsforslag – kvalitative svar fra identitetskartleggingen

| Kategori | Antall |
|---|---|
| Uteplasser/møteplasser | 48 |
| Tiltak for ungdom | 43 |
| Veier | 29 |
| Hotell | 24 |
| Handel | 12 |
| Kjøpesenter | 10 |
| Liv i sentrum | 10 |
| Reiseliv | 9 |
| Mindre sentralisering | 4 |
| Kommunen | 4 |
| Boligtomter, boligtilbud, bruke naturen, sjøfronten | 2 |
| Ferge, park, utdanning, reklame, tak i sentrum, kvinnetiltak | 1 |

# Utkast

Samfunnsplan for Sykkylven

Innhald:

1 Om plan og prosess

2 Visjon

3 Møteplassar og trivsel
4 Bygdesentrum
5 Bumiljø
6 Næringsliv og arbeidsplassar
7 Regionalt samarbeid
8 Kommunikasjon
9 Attraktiv

# 1 Om plan og prosess

**Kva slag plan er dette?**
Samfunnsplanen er eit strategidokument. Planen peikar på viktige vegval som må gjerast i dag, for at Sykkylven skal bli slik vi ynskjer i framtida. Tidshorisonten er 15-20 år fram i tid.

Planen er bygd opp kring 7 målsettingar – *Slik vil vi ha det*. For kvar målsetting er det sett opp delmål – *Då må vi*, og under desse ulike tiltak for å følgje opp delmåla – *Noko vi oppnår ved å*.

Planen er eit strategidokument og inneheld ikkje detaljerte tiltak. Det høyrer heime i handlingsplanar og budsjett.

***Tre element er i fokus:***

Kva skal til for at fleire vil busette seg i Sykkylven i framtida?
Korleis skape fleire arbeidsplassar i Sykkylven?
Korleis skal Sykkylven samarbeide med andre Sunnmørs-kommunar?

**Prosess**
Planen bygg på ein prosess med god medverknad frå innbyggarane. Det er lagt vekt på å få ulike grupper i tale, og å bruke ulike metodar i dette arbeidet. Tenkedugnadar, folkemøter, politiske arbeidsmøter, nettside, bruk av facebook, temagrupper, gründercamp, lokalavis, vaksenopplæring og flygeblad har blitt brukt i arbeidet. Til saman har vi fått eit godt bilde av nosituasjonen (sterke og svake sider), og kva som vert sett på som dei største truslane og mulegheitene for framtida. Det er også kome mange detaljerte eller konkrete innspel som vil bli brukte i vidare planarbeid på eit meir detaljert nivå.

**Oppfølging og rapportering**
Planen skal gi føringar for detaljplanlegging og gjennomføring av tiltak i åra som kjem. Der det er naudsynt må eigne handlingsplanar utarbeidast.
Årleg rapportering skal skje i samband med årsmeldingar.
Behov for rullering skal vurderast kvart fjerde år i etterkant av kommuneval, jfr. krav i plan- og bygningslova.

**Medverknad i planlegging**
Kommunen skal legge stor vekt på gode medverknad i alle planprosessar. Kommunen har eit særleg ansvar for å sikre aktiv medverknad frå grupper som krev spesiell tilrettelegging, herunder barn og unge (Plan og bygningslova § 5-1)

**Kva med alt som planen ikkje nemner?**
Planen er ikkje altomfattande. I arbeidet er det føresett at kommunen skal evne å ha basistenester som skule, barnehage, eldreomsorg, teknisk infrastruktur o.a. på eit tenleg og godt nivå.

## 2 Vår visjon

# SKAPARGLEDE

### Sykkylven kommune sin visjon skal knytast til SKAPARGLEDE.

Skaparglede symboliserer den kreative krafta og pågangsmotet som har lagt grunnlaget for dagens Sykkylvs-samfunn.

Skaparglede er knytt til alle sider ved lokalsamfunnet:

- Kommunale tenester frå barnehage og skule til eldreomsorg er prega av skaparglede.
- Næringslivet er bygd på kreativitet, produktutvikling og skaparglede.
- Kulturlivet, sjølve limet i samfunnet, er rein skaparglede.

Sykkylven vil

- vere ein kommune alle forbind med skaparglede. Vi skal gjere skaparglede til ein gjennomgåande verdi for heile lokalsamfunnet.
- skape trivsel, sosiale og friske menneske som meistrar eigen kvardag.
- vere ein levande og skapande kommune, ein kommune med mangfald, som pulserer, skaper energi og kreativitet.
- vere eit samfunn som skaper gode løysingar, tilpassa den enkelte sine behov..
- skape gode tilhøve til naboane våre, og gjere nytte av at vi ligg nær både by og fjell.
- bygge stoltheit og identitet ved å ta det beste frå fortida med oss inn i framtida.

Slik vil vi ha det:

# 3 Sykkylven har gode MØTEPLASSAR, TRIVSEL og FRISKE FOLK.

Då må vi:

**Syte for at det frivillige kulturlivet kan bløme**

Noko vi oppnår med å:
- utforme ein aktiv frivilligpolitikk
- gi lag og org. gode vilkår

**Gjere slik at folk meistrar sin eigen livssituasjon og er friske**

Noko vi oppnår med å:
- utøve eit aktivt førebyggande helsearbeid og stimulere til god folkehelse
- utforme tenestetilbodet slik at førebygging kan skje på tidlegast mogleg nivå
- gjere folkehelse til eit gjennomgåande prinsipp i heile kommunen

**Tilrettelegge det fysiske miljøet**

Noko vi oppnår med å:
- legge til rette for aktivt friluftsliv
- arbeide for utbygging av gang- og sykkelvegar
- sette av, opparbeide og stelle gode areal til leikeplassar, grøntområde- og friareal
- drifte idrettsanlegg og kulturbygg

**Sikre tilgjenge for alle til ulike møteplassar**

Noko vi oppnår med å:
- sikre universell utforming av uteområde
- sette krav til universell utforming av bygningar

**Legge til rette for næringsprega møteplassar**

Noko vi oppnår med å:
- etablere eit godt tiltaksapparat for næringsutvikling
- utnytte offentlege stimuleringstiltak
- ha eit godt samarbeid med næringsliv og publikum i planprosessar

**Synleggjere tilboda**

Noko vi oppnår med å:
- ha ein bevisst mediastrategi
- nytte internett og nye sosiale media som kommunikasjonskanal

Slik vil vi ha det:

## 4 Sykkylven har eit attraktivt SENTRUM.

Då må vi:

**Gjere sentrum til ein triveleg stad å vere**

Noko vi oppnår med å:
- fokusere på utemiljø og møteplassar
- sette fokus på estetikk, fargebruk og det visuelle inntrykk
- arbeide med skilting – informasjon
- sikre eit universelt utforma sentrum
- opparbeide og vedlikehalde grøntareal
- tenke sentrum for alle aldersgrupper

**Legge til rette for at nye tilbod kan utviklast i sentrum**

Noko vi oppnår med å:
- ha effektiv arealbruk
- stimulere til samarbeid mellom huseigarar
- legge til rette for variert bruk av eksisterande bygg

**Gjere sjøfronten til eit aktivum for sentrum**

Noko vi oppnår med å:
- skaffe ålmenta tilgang til sjø
- initiere samarbeid om utbygging av fellesareal
- utforme tenlege reguleringsplanar for utbyggarar og brukarar
- syte for at sjøfronten og kvadraturen vert eitt sentrum

**Gjere sentrum til ein god stad å bu**

Noko vi oppnår med å:
- legge til rette for bustadar i og nær sentrum
- gjere sentrum attraktivt som buområde for familiar

**Skape ein god trafikk-situasjon**

Noko vi oppnår med å:
- skape gode løysingar for offentleg kommunikasjon
- ha tilgang på parkering og opparbeide ein god parkeringskultur
- sikre gode tilkomstar for næringsdrivande
- gjere sentrum trygg for mjuke trafikantar

Slik vil vi ha det:

## 5 Sykkylven byr på gode, varierte BUMILJØ i heile kommunen.

Då må vi:

**Sikre gode tomtetilbod i heile kommunen.**

Noko vi oppnår med å:

- stimulere til utvikling av gode bustadområde
- legge vekt på tilgjenge for alle
- stimulere til variert tomtestorleik

**Skape bumiljø som stimulerer til god folkehelse**

Noko vi oppnår med å:

- arbeide for vidare utbygging av gang- og sykkelvegar.
- sikre nærturområde, lokale badeplassar og turvegtrasear
- opparbeide gode tilkomstmoglegheiter til turområde
- opparbeide og vedlikehalde leikeplassar og ballplassar

**Syte for eit velstelt og estetisk tiltalande bumiljø**

Noko vi oppnår med å:

- stelle offentlege friområder og grøntareal
- stimulere velforeningar/nabolag til innsats
- tenke drift og vedlikehald ved opparbeiding av uteområder

**Skape eit trygt samfunn**

Noko vi oppnår med å:

- arbeide for gode sosiale nettverk
- sikre gode møteplassar
- styrke frivillige lag og organisasjonar
- vidareutvikle gode samarbeid mellom barnehage-heim og skule-heim.
- vurdere risiko og sårbarheit i alle byggesaker

Slik vil vi ha det:

# 6 Sykkylven har eit aktivt NÆRINGSLIV som tilbyr varierte ARBEIDSPLASSAR.

Då må vi:

**Ha fokus på entreprenørskap og nyskaping.**

Noko vi oppnår med å:

- etablere kultur for nyskaping og entreprenørskap
- bygge vidare på eksisterande kompetanse
- skape fellesarenaer for nyskaping
- tenke nye næringar, andre jobbtilbod.
- samarbeide med kunskapssenter, *innovasjonsmiljø og utviklingsaktørar*
- bruke bulyst til å gjere oss attraktive.
- tiltrekke oss nyskaparar som grunnlag for ny næring

**Gjere vårt for at eksisterande næringsliv kan vekse og utvikle seg.**

Noko vi oppnår med å:

- føre ein aktiv næringspolitikk
- bistå bedriftene ut frå deira eigne behov
- bidra til å skape gode og kreative næringsmiljø
- sikre gode næringsareal
- gjere Sykkylven *så* attraktiv at det hjelper bedriftene å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse
- etablere godt samarbeid mellom kommune og bedrifter
- arbeide for betre kommunikasjon til/frå Sykkylven

**Gjere det lett å etablere ny næringsverksemd.**

Noko vi oppnår med å:

- gi best mogleg hjelp til nyetablerarar
- dra nytte av eksisterande bedrifter og kunnskap ved nyetablering
- ha tilgang på eigna lokaler
- sikre gode næringsareal
- bygge ein god og næringsretta infrastruktur
- knyte til oss nødvendig kompetanse
- nytte alle etablerte hjelpeordningar
- arbeide for fleire offentlege arbeidsplassar til Sykkylven

Slik vil vi ha det:

## 7 Sykkylven har ei offensiv rolle i REGIONALT SAMARBEID.

Då må vi:

**Vere til stades der avgjerder vert tekne.**

Noko vi oppnår med å:

- delta i interkommunale samarbeidsorgan
- delta i ulike regionale samansluttingar
- at sykkylvingar engasjerer seg i fylkespolitikken

**Bygge nyttige nettverk**

Noko vi oppnår med å:

- samarbeide med ulike partar i saker av felles interesse
- delta i eksisterande fellesarenaer
- ta initiativ til nye samarbeid dersom det er behov

**Definere vår rolle i eit regionalt samarbeid**

Noko vi oppnår med å:

- definere kva som er våre fortrinn i regional samanheng
- synleggjere kva vi kan tilby til regionen
- seie kva tenester og tilbod vi ynskjer at regionen skal kunne tilby oss

Slik vil vi ha det:

# 8 Sykkylven har gode KOMMUNIKASJONAR.

Då må vi:

**Verte betre tilknytt Ålesund og kyststamvegen**

Noko vi oppnår med å:
- vere med i regionale samarbeidsfora
- engasjere oss i utgreiingsarbeid om kyststamvegen
- realisere Storfjordsambandet.
- arbeide for betre ferjeløysingar i dagens samband

**Få betre vegsamband mot sør og aust**

Noko vi oppnår med å:
- arbeide for utbetring av Fv60 mot Grodås
- engasjere oss i arbeidet for betre vegføringar mot Strynefjellet.

**Ha eit tenleg kollektivtilbod**

Noko vi oppnår med å:
- fokusere på lokale behov frå person- og næringsmarknaden
- arbeide for betre interne kollektivtilbod i kommunen

**Ha gode elektroniske kommunikasjonskanalar**

Noko vi oppnår med å:
- vere på høgde med utviklinga innan breiband og fiberteknologi
- ta nye moglegheiter i bruk

**Opparbeide gode interne kommunikasjonar**

Noko vi oppnår med å:
- arbeide for tenlege og trygge vegløysingar i kommunen
- etablere samanhengande gang- og sykkelvegar

Slik vil vi ha det:
# 9 Sykkylven er ein ATTRAKTIV kommune.

Då må vi :
**Skape eit godt omdøme.**

Noko vi oppnår med å:
- sikre kvalitet i alle ledd på kommunale tenester
- utvikle ein bevisst mediestrategi
- ha ei felles marknadsføring av kommune og næringsliv
- auke stoltheita for bygda vår

**Arbeide målretta for ungdom og unge i etablerarfasen**

Noko vi oppnår med å:
- gjere Sykkylven til ein av dei beste oppvekstkommunane på Sunnmøre
- synleggjere bredde i utdanning og arbeidsliv, lokalt og regionalt
- sikre god tilgang til natur
- utvikle urbane kvalitetar i sentrum
- halde kontakt med utflytta ungdomar

**Vite kva andre meiner om oss**

Noko vi oppnår med å:
- gjennomføre omdømekartleggingar
- etablere kontaktforum med utflytta ungdomar
- bruke sosiale media i kommunikasjon

**Arbeide for at næringslivet får bedre rammer**

Noko vi oppnår med å:
- arbeide for betre avgiftspolitikk og økonomiske rammevilkår for næringslivet
- halde kommunale avgifter på eit konkurransedyktig nivå